

Steng døra - Røyken dreper

Du må sjølv vite kva du skal gjere dersom det byrjar å brenne. Eit rom kan vere overtent på 3 - 4 minutt.



Avhengig av kvar du bor, kan det ta frå 10 - 30 minutt før brannvesenet er på plass.
Då kan det vere for seint.

Røyken er farlegast

Dei fleste som omkjem i brann døyr fordi dei pustar i den giftige røyken. Nokre få andedrag kan vere nok. Derfor skal du ha ein røykvarslar heime. Den varslar slik at du kan redde deg sjølv og andre.

Varsle andre

Rop og varsle alle andre i huset slik at dei også kan komme seg i sikkerheit.

Kryp ut

Om du må kome deg ut av eit rom der det brenn. Kryp langs golvet. Røyken stig opp slik at lufta er reinast nede ved golvet.

Steng døra mot brannen

Om det brenn og du ikkje kan slukke, - forlat romet. Steng døra etter deg. Då blir den giftige røyken igjen inne i romet. Ei stengd dør gjer at brannen får mindre luft og den spreier seg ikkje så lett.

Ring 110

Alarmer brannvesenet frå ein sikker stad.

Ring 110 og gje fylgjande opplysningar:

- Kven er det som ringer
- Kvar ringer du frå: Nøyaktig adresse
- Kva har skjedd
- Vent til brannvesenet seier at dei har fått vite det dei treng



Forsøk å slukke?

Ein liten brann er lettare å slukke enn ein stor. Har du brannslange, brannsløkkeapparat eller brannteppe kan du begrense skaden. Forsøk ikkje å slukke dersom du ikkje er sikker på at du kan kome deg i sikkerheit.

Hva gjer eg om huset mitt brenn?

Om det er fleire som bur i bustaden er det bra om dykk på førehand planlegg korleis røming skal skje om det ikkje går an å kome seg ut den vanlige vegen.

Det kan vere lurt å trene på røming via brannstigar i lag med barna.

Avtal ein plass utanfor huset, eller hos ein nabo, der dykk skal samlast.

Fylgjande brannsløkkeutstyr er bra å ha heime: Brannteppe, Pulverapparat, Brannslange, - og sjølv sagt minst ein røykvarslar (helst fleire i serie). Er varmen liten kan du sjølv slukke den ved hjelp av brannteppe eller brannslangen. (Her er det viktig å vite at einkvar bustad / leiligheit skal ha brannsløkkeutstyr og røykvarslar montert!)

Kan du ikkje slukke sjølv er det bra om du let att døra til det romet som brenn. Det kjem då mindre luft til brannen, og skadane blir - forhåpentlegvis begrensa. Husk: Uansett ved brann: Ring 110